



Arkivnr: 2015/11183-12

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Kort status i arbeidet ved Deloitte - Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 127/15 i møte 18.12.15:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Hordaland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.*
2. *Forslag til prosjektplan av november 2015, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte I skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 4.4.2016 og at prosessmøte II skal gjennomførast i møte 21.6.2016.*
4. *Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 skal leggjast fram for fylkestinget i oktober 2016.*

I samband med oversending av partsbrev til Deloitte 22.12.15 hadde sekretariatet slikt påskrift:

«Det vert vist til saksframlegg til denne saka der det m.a. står:

«Prosessmøte I kan t.d. gjennomførast i møte 4.4.2016 og med statusrapportering på framdrift i arbeidet frå Deloitte i møte 16.2.2016. Vidare kan prosessmøte t.d. gjennomførast i møte 21.6.2016 og med statusrapportering på framdrift i arbeidet frå Deloitte i møte 2.5.2016. Dersom det vert ei slik gjennomføring av prosessen vil endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon kunne leggjast fram for kontrollutvalet i møte 31.8.2016 og for fylkestinget i oktober 2016.»

Det betyr at det vert lagt opp til at Deloitte orienterer kontrollutvalet kort om status i arbeidet 16.2.16 og 2.5.16, i tillegg til dei to prosessmøta.»

Prosessmøte I vart gjennomført i sak PS 23/16 i samband med møte i kontrollutvalet 4. – 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.»

Drøfting:

I dette møtet er det avtalt at Deloitte skal gje ein kort status i arbeidet med analysen. I tillegg vil det også verta muleg å komme med fleire innspel til aktuelle risikoar innanfor dei selskapa som fylkeskommunen har eigarskap i, som Deloitte eventuelt kan ta med seg i det vidare arbeidet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i denne status rapporteringa tilrår sekretariatet at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, eventuelt inkludert dei innspel som utvalet måtte komme med i møtet.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber Deloitte ta med seg i det vidare arbeidet dei innspel som kom fram i møtet og tar informasjonen så langt til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.